

Velledalen i Balanse AS  
6220 Straumgjerde

Sykkylven Kommune

6230 Sykkylven

### **Høyring om skulestrukturen i Sykkylven**

Velledalen i Balanse AS er grendalaget i Velledalen. Vi har desse kommentarane til høyringa om framtidig skulestruktur i kommunen.

Det vert frå lokale media og frå fleire politikarar hevda at kommunen ikkje har teke skulestrukturen opp til vurdering, og at det no må gjerast. Dette er ikkje rett. Det har vore fleire kampar og omkampar om skulestruktur dei siste 10 – 15 åra. Fleirtalet av politikarane har gjennom desse handsamingane funne at det ikkje er så mykje å spare på å leggje ned skular at det er vert prisen. Difor har kun få skular vorte lagd ned, og av same grunn har vi den strukturen vi har i dag. Fleire synest å ha den forståing av ei strukturvurdering at dersom ein ikkje gjer store omveltningar så har ein ikkje gjort ei vurdering.

**Desse personane vil ikkje verte nøgde før dei har fått det som dei vil – at grendaskulane er vekke frå kartet.**

- **Folketalsutvikling:**

Det vert i høyringsdokumentet lagt til grunn at 80 % av auke i folketalet skal skje i sentrum av kommunen. Vidare reknar ein med 10 % auke i Straumgjerde. Det betyr at det vert 10 % att til resten av bygda. Legg ein middels vekst til grunn vil ein fram til 2020 få ein auke på 360 personer i desse områda, og berre 40 personar i resten av bygda (Hundeidvik, Blakstad, Velledalen, Søvikdal og Ramstaddal). I perioden fram til 2030 er dei forventta tala 559/62.

**Dette betyr at kommunen forventar at folketalet i desse utkantgrendene tilsaman skal auke med om lag 3 personar pr år!**

**Dette syner ei sterk og heilt uakseptabel nedprioritering av ”utkantane” i kommunen. Ein syner ingen evne eller vilje til å styre og utvikle heile kommunen. Velledalen i Balanse AS har ei heilt anna målsetting for framtida.**

**Vi går ut frå at heller ikkje dei andre grendene i kommunen er tilfreds med ei slik utvikling!**

- **Kostnader ved rehabilitering:**

Vi ser at det ved rehabilitering er lagt til grunn ein kvadratmeterpris utan konkret vurdering av kvar enkelt skule. Eit minstekrav i ei utgreiing som skal vere grunnlag for innspel og politisk avgjer er at desse tala er underbygde og rette! Det er vidare, utan tvil, rekna med for lav rente i perioden. Alle er samde om at vi no har historisk lav rente, då er det uforsvarleg å legge til

grunn 3,5 % i eit 40-årsperspektiv. Dette vil bety at vi vil få større utgifter til investering, noko som må dekkast inn med mindre pengar til undervisning.

**For Velledsalen skule er det rekna med 9,1 mill kroner til rehabilitering. Vi kjenner skulen godt og vi er overtydde om at dette talet ikkje er rett.**

**Vi forventar å få konkrete tal for kva kostnader som ligg til grunn for dette talet.**

- **Elevtalsutvikling**

I høyringsdokumentet er det feil i tabell nr 3. Det er auke i elevtalet i Velledalen og ikkje nedgang som det går fram av samandraget i tabellen.

- **Privatskular**

Det vert i saksutgreiinga ikkje teke omsyn til etablering av privatskular. Foreldra i Velledalen har vedteke at det vert privatskule i grenda om den kommunale skulen vert lagd ned. Det same gjeld Hundeidvik. Reknemodellane tek ikkje omsyn til dette.

**Vi forventar at det vert laga modellar der det er teke omsyn til dette, slik at både folket og politikarane får sjå konsekvensane før det skal takast avgjer i saka.**

**Det er uansvarleg å gjere vedtak i saka utan å ta inn dette forholdet.**

- **Likeverdig opplæring**

Det vert i høyringsnotatet vist til likeverdig opplæring. Kva er likeverdig opplæring? Kven skal definere det? Kva faktorer skal gå inn i vurderinga?

**Vi forventar at når dette prinsippet skal leggast til grunn så vert det og utgreidd og vurdert på brei basis.**

- **Generelt**

Som grendalag for Velledalen har vi som oppgåve å arbeide for det som folket i dalen ber oss om. Vi har sett igong eit bygdemobiliseringsarbeid og fylket har støtta det arbeidet med 200000 kroner. Dette arbeidet er godt igong og eit av hovudmåla er auka tilflytting til dalen. Det er igong eit arbeid med å finne nye område for bustadbygging i dalen. Vi er overtydde om at alt dette vil føre til større auke av folketalet i Velledalen, noko som og vil ha positiv virkning på elevtalet ved skulen.

Velledalen er ei aktiv grend der folket i alle år har teke stort ansvar for utviklinga. Vi har fått til mykje av det som arbeidet med samfunnsplanen for kommunen set fokus på.

Vi har i dag grendahus der kommunen eig 58 %, symjehall eigd av kommunen, skule, privat barnehage og idrettsanlegg samla på eit område. Folket i grenda har teke ansvar og driv grendahus og symjehall med tilskot frå kommunen. For å drive dette vert det lagt ned stor dugnadsinnsats gjennom heile året, noko som sparer kommunen for mange hundre tusen kroner kvart år.

På møta om samfunnsplanen kom det fram at for alle bygdelag var skulen svært viktig. Dette gjeld også for Velledalen. Dette forventar vi at både administrasjon og politikarar tek omsyn til.

Skulen er ein av hovudpilarane i grenda. I Velledalen har vi ein skule som er god for borna. I lag med barnehagen har vi eit godt læringsmiljø som vi vil verne om. Det er og igong arbeid med å lage skulehage ved skulen.

**Vi ynskjer å bruke framtidige resursar på læring og ikkje på investering, renter og transport!**

Det er fyrst og fremst foreldra til borna i Velledalen som avgjer vår innsats i denne saka. Foreldra har uttalt seg eintydig, og det betyr at ViB vil støtte arbeidet med å etablere ein privat Montessori-skule.

Vi meiner likevel at det beste er at det framleis vert offentleg skule i dalen. Det må i så fall gjerast vedtak som sikrar at ein slepp stadige omkampar i denne saka.

**Det utsendte høyringsnotatet er ikkje godt nok grunnlag for å ta dei viktige avgjerda som ein her legg opp til. Vi forventar at eit nytt og meir gjennomarbeidd grunnlag vert sendt ut til ny høyring. Eit grunnlag som tek opp i seg mellom anna det som vi har peika på i vårt svar. Vi veit alle kor store konsekvensar det vil få når politikarane tek avgjer på feil grunnlag. Det har vi sett fleire eksempel på i kommunen vår. Vi har ikkje råd til slike ”blindskot”.**

Velledalen 19.03.10

Velledalen i Balanse AS

Petter Velle  
Styreleiar